

---

**Fra:** Teknisk Lindås  
**Sendt:** 15. juni 2017 13:58  
**Til:** torunn@lygre.no  
**Kopi:** Silje Andvik Hoaas; Rune Kilen; 'Atle Dingen (Atle.Dingen@lindas.kommune.no)'  
**Emne:** SV: Spørsmål på heimesida

Hei,

Vegmynde for fylkesvegar er Statens vegvesen på vegne av Hordaland fylkeskommune. Lindås kommune har ikkje lov eller midlar til å utføre arbeid på eller langs ein fylkesveg.

I 2016 vart det opna for at kommunane i Hordaland kunne søkje midlar til og utføre eit stykke arbeid på fylkesvegane i kommunen.

Midlane ein kunne søkje om var lyst ut av fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU) og hadde eit tak på 2 millionar.

Lindås kommune valde då å ta utgangspunkt i ein rapport som vart laga for vegen mellom Seim og Feste i 2011.

Det vart søkt om midlar til 2 konkrete punkt, før og etter avkøyringa til Fiskeset.

Arbeidet starta med det fyrste punktet. Det viste seg at dei tildelte 2 millionar ikkje kunne rekkje til begge punkta, så etter avtale med fylkeskommunen konsentrerte kommunen seg om å gjere det eine punktet skikkeleg.

For å kunne utføre arbeidet måtte kommunen sikre seg areal i frå tre grunneigarar.

Ein av grunneigarane fekk steinmassane som ikkje vart brukt på sjølve vegen i kompensasjon for grunn. Det er bakgrunnen for at massane vart «dumpa» over kanten for lagring til seinare bruk.

Som sagt over, desse midlane var tidelt konkret tiltak og var aldri meint for å punktutbetre vidare utover fylkesvegen mot Feste!

Dersom du ynskjer ei tilbakemelding på om det er konkrete planar for vegen vidare utover mot Feste, må du kontakte Statens vegvesen eller Hordaland fylkeskommune då det er dei som eig og skal drifte fylkesvegane.

Ha ein fin dag!

**Irene Wilhelmsen** | Ingeniør - vegavdelinga

**E-post:** [irene.wilhelmsen@lindas.kommune.no](mailto:irene.wilhelmsen@lindas.kommune.no) | **Telefon:** +47 56 37 54 98 | **Mobil:** +47 994 66 658

**Kundesenter:** +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** [www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)



---

**Fra:** Silje Andvik Hoaas  
**Sendt:** 6. juni 2017 08:31  
**Til:** Teknisk Lindås  
**Kopi:** [torunn@lygre.no](mailto:torunn@lygre.no)  
**Emne:** Spørsmål på heimesida

Til vegavdelinga,

Vi har fått ei melding frå Torunn – på tilbakemeldingsmodulen på heimesida vår.

Kan de svare ho? Eg har sett Torunn på kopi, slik at ho ser at meldinga er losa vidare i systemet.

Torunn skriv:

«vegøla av fylkesvegar seim feste.er der noko håp om punktutbetring av den,,“slik det var meint at dei 2 mill.kr. skulle brukast til.fekk eg vita-PÅ VEG-etatEN i Bergen, All overskotssteinen vart berre dumpa utfor kanten. i staden for å bruka DEN lenger ute på vegen, NÅR VERT VÅR DRAUM TIL RØYNDOM??+»

**Silje Andvik Hoaas** | Informasjonsrådgjevar

**E-post:** [silje.andvik.hoas@lindas.kommune.no](mailto:silje.andvik.hoas@lindas.kommune.no) | **Telefon:** +47 456 62 114

**Kundesenter:** +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** [www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)

